



## MØTEREFERAT - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

**Referat frå:** Møte i administrativ koordineringsgruppe      **Møtedato:** 16.12.2014      **Tid:** 12.30 – 15.00

**Møteleiar:** Rune Haugsdal      **Møtestad:** Fylkeshuset      **Arkivsak:**

**Referent:** Snorre Waage      **Ref.dato:** 17.12.2014      **Arkivnr.:**

**Deltakarar:** Rune Fjeld, Lars Christian Stendal, Mette Svanes, Willy Sørensen, Ingvild Hjelmtveit, Knut Terje Rekve, Odd Iver Øvregård, Ole Karsten Midtgård (vara), Råmund Skjold (vara), Marit Rødseth, Hans-Christian Engum, Snorre Waage

**Fråvær:** Olav Terje Hove, Odd Magne Utkilen, Hogne Haugsdal, Jarle Landås, Tone Ramsli, Trine P. Grønbech, Håkon Rasmussen, Thorbjørn Aarethun

### Referat frå møte i administrativ koordineringsgruppe – Regional plan for Bergensområdet 16.12.2014

Rune Haugsdal ønskte alle velkomen til møtet.

#### 19/14 Dagsorden og referat frå førre møte

Ingen merknader

#### 20/14 Status for utgreiingar

Gjennomgang av utgreiingsbehov, med særleg fokus på utgreiingar som ikkje er avslutta/gjennomført. Nokon av desse kan eventuelt gjennomførast gjennom handlingsprogram/tiltaksplan.

##### *Innspel*

- Synd at ein ikkje har gjennomført utgreiing av deponibehov. Det er eit sterkt behov for dette i eit regionalt perspektiv.
- Areal til offentlig forvaltning og tenesteyting- Det vart ytra at det er viktig å legge rammar for offentlig verksemd i samband med lokalisering av bustad/arbeidsplassar.

#### 21/14 Disposisjon for planen

##### *Innspel:*

- **Innleiingsvis:**
  - Bakgrunn for planen og geografisk avgrensing bør omtalast innleiingsvis.
  - Bør vere eit «utfordringskapittel» som tar opp: kva vi står ovanfor i Bergensområdet, kvifor det er behov for denne planen, kva problemstillingar det

er planen skal løyse. Dette må vere ein plan på korleis ein skal løyse dei store problema regionen står overfor.

- Betre synleggjere innleiingsvis dei overordna prinsippa som er utgangspunktet for planen.
- **Kap 2: Senterstruktur og utbyggingsmønster:**
  - «Fleirkjerna, desentralisert konsentrasjon»: Innspel på at Bergensområdet ikkje er fleirkjerna, men har ein tydelig kjerne i Bergen. Må utdjupast at Bergen er det definitive navet i regionen, jf. planprogram.
- **Kap 3: Regionalt Transportsystem:**
  - Problemstillinga knytt til «Parkerings» er eit punkt/diskusjonstema som bør og vil omtalast i planen. Ikkje heilt klart kor i planen og i kva detalj det skal vere.
  - Parkeringsstema bør og drøfte bustadparkerings og arbeidsplassparkerings.
  - Saknar eit kapittel om «Gange»
  - Delkapittel: «Hamn og logistikknutepunkt for jernbane» bør endrast til : «Hamn og logistikknutepunkt for Bergensregionen».
- **Kap 4: Bustadområde:**
  - Diskusjon om busetnadsstruktur i randsona til Bergen er ikkje synleg. Dette er ein problemstilling planen bør adressere.
- **Generelt:**
  - Det vart spurd om planen heller kan fokusere på verkemidlar enn på retningslinjer.
  - Det vart bemerkta at det må synleggjerast kven som har utarbeida planen, og kva rolle den administrative koordineringsgruppa har hatt i planprosessen. Den rådande oppfatninga i gruppa er at gruppa skal kome med så mange gode innspel som mogeleg for å styrke planen og planarbeidet, men at det er politisk vedtak som avgjer planens endelege form, og HFK som må stå inne for planen.

## 22/14 Målutforming – Drøfting

- **Overordna Mål:**
  - «Det skal vere ein god balanse mellom arbeidsplassar og bustader» – Denne bør spissast/reformulerast noko, men innhaldet i målet er anerkjent viktig å ha med.
  - Kor spesifikke skal ein vere i å skape denne balansen?
  - Ønskjeleg å ha fokus på måloppnåing.
  - Samordna med bymiljøavtalen: Regional ATP er ein premis for bymiljøavtalen, så dette må sjåast i samanheng.
- **Kap 2: Senterstruktur og utbyggingsmønster**
  - «[...] kommunens funksjon...». Kva meiner ein med det? Meiner ein at kommunens «funksjon» for eksempel er å vere ein «bustadkommune»?
  - Bergensområdet er ein region med ein kjerne. Det er transportårene inn/ut som er viktig, korleis ein kjem seg til og frå jobb. Det må tenkast korridorar, der folk bur og jobbar. Antydast at ein bør sjå bort i frå senterstruktur.
  - For å få til lokalisering av verksemder (eks kontorarbeidsplassar) på ønskjelege (gunstige) lokaliseringar, bør ein fremje gode verkemidlar for å få til riktig lokalisering, framføre retningslinjer om kor ein ikkje kan etablere seg.
  - Bruke same omgrep som ligg i kollektivstrategien
- **Kap 3: Regionalt transportsystem**
  - Endre mål til: «Effektivt transportsystem som gir miljøvenleg og trygg transport»

- Heve fokus på korridorane
  - Viktig å kunne nytta sjøen som transportveg. Dette gjer svært effektiv og trygg transport.
  - Delmåla bør vere med, nettopp for å halde fokus på at gange, sykkel, kollektiv er viktige transportmåtar.
  - Kan vurdere å rangere/prioritering av transportmåtar (prioritert fokus)
    - Innspel: i) kollektiv, ii) sykkel/gange, (iii) bil
  - Kan vurdere å ikkje ha med %-andel i måla?
  - Både kollektiv og sykkel/gange er viktig, men forskjell mellom områder og nivå.
- **Kap 4: Bustadområde**
    - «Nye bustader skal lokalisert i nærleiken (1km) av senter....»: Dette blir alt for detaljert i ein regional plan
    - Forslag frå gruppa: «nye bustadområde skal planleggast slik at dei kan få god kollektivdekning»
    - Og ... «alle større bustadområder skal lokalisert i nærleiken...»
    - Burde ha eit eige punkt under bustad om korleis ein skal leggje til rette for bustadutvikling i Bergen sentrum.
  - **Kap 5: Regionale næringsareal og arbeidsplassar**
    - Alle næringsareal kan ikkje ha «høg utnyttingsgrad» - her må det differensierast i type næring og lokalisering.
    - Endre siste delmål til «Alle næringsareal skal vere arealeffektive».
  - **Kap 6: Natur, kulturmiljø og landskap**
    - Mål opplevast som uproblematisk

#### 23/14 **Kapittel – Næringsareal og arbeidsplassar**

Gjennomgang av mål, balansekart, fortettingspotensial, kapasitet og lokalisering, presentert av Engum, HFK.

- Transformasjon er ein del av bakgrunnstala på fortetting/potensial
- Problemstillingane som er teke opp er sentrale.
- Differensiering av næringsareal bør vere med.

*Innspel på utkast til kapittel om næringsareal blir sendt frå kommunane til prosjektleiinga innan: 7 januar.*

#### 24/14 **Framdrift og vidare prosess**

- Framdriftsplanen opplevast å vere for stram, og gjer ikkje rom for ein god prosess.
- Det vert utarbeida ny framdriftsplan. Takast opp i neste møte

#### 25/14 **Eventuelt**

- Ingen innspel